

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Sogndal hotell, møterom vil bli annonsert
Dato: 05.04.2016
Tidspunkt: 12:45

Velkommen til det andre møtet til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre denne styreperioden.

Møtet held stad på Sogndal Quality hotell. Møtet begynner etter lunsj på andre dag av kompetanseprogrammet. Møterommet vil bli annonsert.

Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltar Maria på tlf. 93 66 42 56. Varamedlem som deltek på kompetanseprogrammet og som ønskjer å være med på styremøtet, er velkommen til det!

Saka om nasjonalparkfilm som styret ønskja greidd ut til dette møtet, må utsettast grunna mangel på tid til sakshandsaminga.

Vel møtt til Sogndal!

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 10/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 9/16	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 11/16	Orienteringar		
ST 12/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til kjentmannskøyering 2016 - 2020 - Vikane Røde Kors		2016/1047
ST 13/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - tilbaketrekking av tidlegare tilretteleggingsløyve i Brenndalen - Briksdal Breføring		2012/4386
RS 2/16	Høring av forslag til endringer i regelverk for bruk av el-sykler i utmark og på behov for endring i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag - adgang for persontransport.		2015/4501
ST 14/16	Eventuelt		

67

9DO DY HLWW VW\UHPHGOHP WLO n VNULYH XQGHU

67

*RGNMHQQLQJ DY LQQNDOOLQJ RJ GDJVRUGHQ

67

2ULHQWHULQJDU

Arkivsaksnr: 2016/1047-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 18.03.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	12/16	05.04.2016

Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til kjentmannskøyring med snøscooter – 2017-2020 - Vikane Røde Kors

Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, i medhald av naturmangfoldlova § 48, løyve til kjentmannskøyring til Vikane Røde Kors v/ Anders Hage for perioden 2017 – 2020 på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld ein tur årleg i perioden veke 1 – 10 langs ruta Svartebotnen – Nordrebotnen – Storlogpiken inn mot Ceciliekruna jf. kart.
2. Kjentmannskøyringa gjeld for inntil tre scooterar med faste medlemmer frå Vikane og Gloppen Røde Kors Hjelpekorps.
3. Hjelpekorpsa skal føre GPS-logg, slik at også naudetatane kan nytte ruta i tilfelle større utrykkingar.
4. Det skal ikkje køyrast på helgedagar, heilagdagane eller i og rundt ferietid.
5. Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv, og køyringa skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
6. Statens naturoppsyn skal være med på køyringa, og passe på om det må takast spesielle omsyn til villreinen.
7. Rapport med dato, trasé, tal snøscooterar, og ev andre observasjonar skal sendast til nasjonalparkforvaltaren innan 1. juni kvart år.

Nasjonalparkstyret gjer søkjar merksam på at samtykkje også må hentast inn frå grunneigar. Stryn kommune er allereie involvert.

Saksopplysningar

Dokument i saka:


- Søknad frå Vikane Røde Kors v/ Anders Hage, datert den 10.03.2016. Søknaden er vedlagt kart, samt godkjent øvingsplan frå Stryn og Hornindal lensmannskontor for dei neste fem åra.

- Rundskriv om kjentmannskøyering frå Miljøverndepartementet, datert 31.01.2013.
- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

Søknaden:

Vikane Røde Kors Hjelpekorps søker om løyve til kjentmannskøyering langs ruta Svartebotnen – Nordrebotnen – Storlogpiken inn mot Ceciliekruna, basert på øvingsplanen sin for åra 2016 – 2020. Søknaden vart sendt til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre via politibetjent Vidar Stavik i Stryn og Hornindal lensmannskontor, datert den 10. mars 2016. Øvingsplanen er godkjent av politiet, og vart utarbeidd i møte der Vikane Røde Kors, Statens naturoppsyn, Stryn kommune og politiet var til stades. Politiet har godkjent øvingsplanen for fem år, frå 2016 – 2020, «med muligheter for justeringer underveis etter behov (...)» Politiet presiserer m.a. at Røde Kors skal halde eit minimum på 500 meters avstand til rein, og at dei same køyrespora skal nyttast både inn og ut av dei omtalte områda. Når det gjeld køyringa i nasjonalparken presiserer politiet at Røde Kors skal samarbeide, og køyre ilag, med Statens naturoppsyn. Øvingsplanen inneheld også ein rekkje andre område på Utvikfjellet og Innvikdalen med stor utfart der Røde Kors skal lage GPS-spor.

Vedlagt søknaden er køyreruta innteikna på kart:



Vikane Røde Kors søker om å nytte inntil tre snøscootere frå Vikane og Gloppen Røde Kors. Dei ønskjer å bli kjent langs denne ruta og registrere GPS-spor, slik at ruta kan køyrast ved dårleg sikt og under utrykking med medlem som ikkje nødvendigvis er med

på kjentmannskøyeringa. Dei søker i utgangspunktet om å kunne køyre ein tur pr. år, men jf. politiet blir det truleg berre ein tur ila dei fem åra dei søker om.

Lovgrunnlag

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i nasjonalparken. Det er heller ikkje opning i verneforskrifta for Jostedalbreen nasjonalpark å gje løyve til kjentmannskøyering. I Rundskriv av 31.01.2013 slår derimot Miljøverndepartementet (no Klima- og miljødepartementet) fast at redningstenesta kan få løyve til naudsynt kjentmannskøyering etter naturmangfaldlova (nml) sin generelle dispensasjonsheimel i § 48, første ledd:

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Rundskrivet seier at so lenge kjentmannskøyeringa er ledd i ein øvingsplan, og i samsvar med lokal redningssentral sine vurderingar, so skal kjentmannskøyeringa normalt godkjennast og få dispensasjon. So lenge køyeringa ikkje strider mot verneføremålet eller vil påvirke verneverdiane nemneverdig, jf. nml § 48, første ledd.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Friluftsliv er eit av verneføremåla til nasjonalparken, og førebyggjande redningsteneste er viktig for ålmenta sin utøving av friluftsliv. Redningstenesta har bruk for å gjera seg kjent i område kor det er sannsynleg at det kan bli gjennomført redningsoppdrag, både for å kunne gjennomføra oppdrag på ein effektiv måte, og for å sikra eigne hjelpemannskap. I retningslinjene frå departementet er det definert eit klart skilje mellom øvingsverksemd og kjentmannskøyering. Øvingsverksemd skal leggjast utanfor verneområda, men redningstenesta vil «..til en viss grad være avhengig av mulighet for øvingskjøring og i praksis særlig kjøring for å bli kjent («kjentmannskjøring»)....».

Det er likevel slik at forvaltningsmyndigheten som hovudregel berre skal gi dispensasjon til kjentmannskøyering som er del av ein øvingsplan godkjend av lokal redningssentral. I dette tilfellet tilrår Stryn og Hornindal lensmannskontor kjentmannskøyering langs den omsøkte ruta.

Det går ei oppkøyrte langrennsløype inn i Svartebotnen (utanfor verneområdet), og det er mykje utfart i vintermånadene. Spesielt har fleire og fleire «oppdaga» området som ideelt for toppturar til Ceciliekruna, Snønipa, mfl. Røde Kors har hatt eit par utrykkingar i dette området av nasjonalparken dei siste åra. Sekretariatet vurderer såleis at Røde Kors har eit reelt behov for å ha GPS-spor i dette området (§ 8).

Snøscootertransport fører med seg støy og forstyrring, som kan vere til skade for dyreliv, og vere forstyrrende for folk i området. Det er villrein på Utvikfjellet, og det er difor sett vilkår om at Røde Kors skal samkøyre seg med Statens naturoppsyn. SNO v/ Rune Holen skal være med på køyeringa, og såleis sikre at følgjet held god avstand til

reinen. Fordi køyreperioden er mellom veke 1 og veke 10 er det heller ikkje fare for å uroe nær kalvingsperioden. Kalvingsområdet er utanfor nasjonalparken, på vestsida i skogsområda ned mot Utvik. Forvaltaren kjenner ikkje til at det er registrert anna spesielt sårbart biologisk mangfald i området som kan bli skadelidande av kjentmannskøytinga. Verneverdiane i området er i stor grad knytt til urørte naturområde.

I følgje øvingsplanen som er godkjent av politiet skal hjelpekorpsa køyre i perioden veke 1 - 10. Dette er ein ganske vid periode, men det må takast omsyn til at den frivillige redningstenesta må bruke fritida si til kjentmannskøyting, og at dette må samanfalle med gode snøforhold, låg skredfare og godt vær. Det er difor viktig at tidsrommet for gjennomføring av kjentmannsturane er stort nok. Vikane Røde Kors har fått godkjent øvingsplanen hos lensmannen for åra 2016 – 2020. Normalt sett gir nasjonalparkstyret fleirårige løyve på maks fire år. I og med at Røde Kors søker om den aktuelle ruta i nasjonalparken i tida mellom veke 1 til 10, så fell inneverande år 2016 allereie ut. Såleis har forvaltninga laga framlegg til vedtak på fireårsperioden 2017-2020.

For å sikre at konfliktpotensialet med turgåarar vert minst mogleg bør ein likevel unngå å køyre i periodar med mykje utfart, slik som vinterferie, påske og andre helge- og heilag dagar. Fordi det i øvingsplanen står at Røde Kors skal samarbeide med Statens naturoppsyn om køytinga, vil naturoppsynet kunne være ein ekstra sikring for at villreinen ikkje vil bli uroa (§ 12).

Bruk av snøscooter i nasjonalparken er eit framandelement som kan verke inn negativt på opplevinga av eit stort, variert og verdfullt område i naturleg tilstand. Samtidig er maks ein tur pr år med tre snøscooterar ei forstyrning av kortvarig karakter, og omsynet til beredskap veger tungt i vurderinga av søknaden. Forvaltninga ønskjer rapport tilbake om køytinga, samt om ev andre observasjonar som følgjet gjer under turen. Dette kan t.d. være ulovleg motorferdsel, spor etter rovdyr, o.a.

Forvaltaren vurderer kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet og effekten av påverknadane av snøscootertransport til å vere tilstrekkeleg til å vurdere søknaden (jf. nml. § 8). I denne delen av nasjonalparken er det registrert periodevis ulovleg motorferdsel med snøscooter. Det er difor viktig at følgjet melder i frå om eventuelle observasjonar. Forvaltninga vurderer at den samla belastninga på økosystemet ikkje er for stor (jf. nml. § 10).

Kjentmannsturane vil lite truleg føra til miljøforringing, og § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka. Snøscooter er den mest aktuelle transportmetoden for eventuelt redningsoppdrag, og må difor nyttast på kjentmannsturane. Det er mykje snø i den tida det er søkt om kjentmannsturar, og det er liten fare for køyreskade på bar mark. Køytinga vil difor ikkje setja varige spor i terrenget, og vert vurdert som miljøforsvarleg til dette føremålet jf. § 12.

Med dei vilkåra som er sett for løyvet, og vurderingane etter §§ 8 – 12 og § 48, meiner forvaltar at kjentmannsturane ikkje er i strid med verneformålet, og ikkje påverkar verneverdiane i særleg grad.

Arkivsaksnr: 2012/4386-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 30.03.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	13/16	05.04.2016

Jostedalsbreen nasjonalpark - tilbaketrekking av tidlegare tilretteleggingsløyve i Brenndalen - Briksdal Breføring

Innstilling frå forvaltaren

Med heimel i forvaltningslova si § 35, siste ledd, gjer Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette vedtak om å trekkje tilbake tidlegare løyve i sak 40/12, datert 04.12.2012, gjeldande tretrapper i Brenndalen.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ber om at tiltakshavar, Briksdal Breføring, fjernar alle dei oppsette trappene/trinna, inkludert boltar/utstyr/material i løpet av første halvdel av mai 2016.

Forvaltningsmyndet minner om at motorisert ferdsle må søkjast om.

Saksopplysningar

Brenndalen er ein hengjande austleg sidedal til Oldedalen, og er nabodal til den langt meir besøkte Briksdalen. Dalen har ein traktorveg som går om lag til vernegrensa, og derifrå går ein sti innover dalen og fram mot brefronten. Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen omtalar Brenndalen som eit urørt område *utan tilrettelegging og inngrep*, sett bort frå ei brukssone kring dei merkte stiane nedst i dalen.

I tråd med norsk friluftstradisjon og verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark er det fri ferdsle i verneområdet, så lenge den er omsynsfull og varsam slik at den ikkje skadar natur- og kulturverdiar, uroar vilt og er til ulempe for andre (jf frilufslova § 2 og verneforskrifta § IV, punkt 6). Landskapet i nasjonalparken er likevel verna mot alle inngrep, mellom anna oppretting av (...), gjerde og anlegg, (...) sprenging og boring, merking av stiar og løyper (verneforskrifta § IV, punkt 1.1.)

Turlagsverksemd, naturguiding, breføring, kurs. m.m. er tillate dersom det ikkje strir mot vernereglane (verneforskrifta § IV, punkt 6). Kapittel IX i naturmangfoldlova, som gjeld handheving og sanksjonar, er delegert frå Klima- og miljødepartementet til fylkesmannen. Dette gjeld m.a. pålegg om retting av ulovlege tiltak.

Trappene

Sommaren 2012 var SNO på synfaring i Brenndalen og oppdaga 11 nybygde tretrapper i terrenget. Tiltakshavar fekk ei skriftleg åtvaring frå SNO. Tiltakshavar vart samstundes bedt om å søkje nasjonalparkstyret om å "ettergodkjenne" tiltaket. Den 04.12.2012 gjorde Jostedalsbreen nasjonalparkstyre følgjande vedtak til tiltakshavar Briksdal Breføring v/ Frode og Ruben Briksdal:

Løyve med heimel i verneforskrifta § IV, pkt. 1.3, tredje strekpunkt blir gitt på vilkår som går fram under til at:

- Tretrappene som er sett opp i Brenndalen kan bli ståande slik dei er i dag.

Vilkår:

- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre kan vurdere om tretrappene skal fjernast når det ligg føre ein revidert forvaltningsplan som legg føringar for arealbruken i Brenndalen.

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga frå forvaltaren.

Styret meinte at trappene ikkje trua verneverdiane, då dei lett kunne fjernast igjen på eit seinare tidspunkt. Trappene var dessutan viktige for å kunne drive næring i form av breføring på Brenndalsbreen.

Brua

Den 26.06.2007 gav Fylkesmannen løyve til Olden Aktiv DA for oppsetting av bru og gelender i Brenndalen. Løvet var gjeve på vilkår at:

- *Bru og gelender kan fjernast dersom omsyn til naturmiljøet og tryggleiken i området skulle tilseie det*
- *Olden Aktiv har ansvar for brua, og å rydde opp dersom ho skulle bli øydelagd*

Brua i Brenndalen har vore stengt for ferdsel no i to sommarsesongar. Tiltakshavar har vurdert den som utrygg, og vil ikkje ha ansvaret dersom nokon skadar seg.

Vurdering

Både brua m/ gelender frå 2007 og tretrappene frå 2012 er i veldig dårleg stand, og ingen ønskjer eigarskap eller vedlikehaldsansvar for anlegga. Fylkesmannen gjorde vedtaket om brua m/gelender og nasjonalparkstyret gjorde vedtaket om tretrappene. Det er dei same personane som er innehar Briksdal Breføring og Olden Aktiv.

Forvaltar har god dialog med både grunneigar og tiltakshavar. Forvaltar fortalte tiltakshavar pr. telefon den 21. mars 2016 om at nasjonalparkstyret skulle få saka til vurdering, og han fekk komme med sine vurderingar om saka (jf. forvaltningslova si § 16, tredje ledd, punkt c). Tiltakshavar hadde sjølv vurdert om det var rett å fjerne brua og tretrappene fordi dei ikkje lenger er i deira bruk til breføring for turistar, og heller ikkje i forsvarleg stand. Men han ønskja at nokon andre ville overta eigarskapet for trappene, slik at dei framleis kunne bli brukt. Han har ikkje funne nokon som ville overta brua og trappene pr. dags dato.

Grunneigar ønskjer ikkje eigarskap til brua og trappene, og ønskjer heller ikkje at nokon skal bli skada i området. Han ønskjer at brua og trappane vert fjerna.

Nasjonalparkstyret har høve til å trekkje tilbake sitt eige vedtak utan klage, jf. forvaltningslova:

Forvaltningslova § 35. (omgjøring av vedtak uten klage).

Et forvaltningsorgan kan omgjøre sitt eget vedtak uten at det er påklaget (...) når endringsadgangen følger av annen lov, av vedtaket selv eller av alminnelige forvaltningsrettslige regler.

Jf. juridisk kompetanse hos Miljødirektoratet vil omgrepet «allminnelige forvaltningsrettslige regler» gjelde denne saka fordi det ikkje lenger er eit ønskja eigarskap til trappene, og dei er ikkje i bruk (guida breføring er opphørt) på same måte som då nasjonalparkstyret gjorde vedtaket om å la dei bli ståande. At trappene også er ein potensiell helserisiko for dei som ev nyttar dei, må jo også telle inn i ein heilskapleg vurdering.

Jf. juridisk kompetanse hos Fylkesmannen kan nasjonalparkstyret følgje opp vilkår i eit løyve som Fylkesmannen gjorde før nasjonalparkstyret fekk overført myndet. Dette kunne ha gjeldt Fylkesmannen sitt løyve om brua og gelenderet frå 2007. Men Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har *ikkje* heimel til å krevje retting (nml § 69), det er det Fylkesmannen som har mynde til. Difor vurderer forvaltar at det er best om Fylkesmannen følgjer opp sitt eige vedtak og krev at bru og gelender blir fjerna, slik at jussen blir rett i dette tilfellet.

Fordi det er Fylkesmannen som har mynde til å krevje oppretting, er det i innstillinga frå forvaltar brukt ord som «Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ber om at tiltakshavar (...)» Styret kan ikkje krevje, men kan altså be om det. Miljødirektoratet jobbar no med å kunne overføre mynde etter naturmangfoldlova si § IX Håndheving og sanksjoner, til verneområdestyra. Dette vil truleg komme ila eit års tid. Dersom tiltakshavar ikkje følgjer oppfordringa frå nasjonalparkstyret om å fjerne trappene m.m. må nasjonalparkstyret be Fylkesmannen om å krevje trappane fjerna. Forvaltar ønskjer at alle omtalte anlegg skal være borte i Brenndalen til turistsesongen starter til sommaren.

56

+jULQJ DY IRUVODJ WLO HQGULQJHU L UHJHOYHUN

XWPDUN RJ Sn EHKRY IRU HQGULQJ L IRUVNULIW IRU EUX

RJ Sn LVODJWH YDVVGUDJ DGJDQJ IRU SHUVRQWUDQVSR

67

(YHQWXHOW